



Innspel til ekspertutval om livslang rådgjeving/karriererettleiing

Utdanningsforbundet takkar for å få kome med innspel til arbeidet som ekspertutvalet er i gang med. Vi ser at det alt er lagt ein del føringar for arbeidet frå departementet, men vi vil likevel i dette innspelet trekke fram nokre av dei elementa vi meiner er viktige for å styrke den «livslange rådgjevinga/karriererettleiinga». Vi vel i dette innspelet å omtale rådgjeving og karriererettleiing under eitt, sjølv om det er noko forskjell mellom desse omgrepa. Vi ønskjer også å presisere at der er store forskjellar knytt til rådgjeving/karriererettleiing på ungdomsskulen, vidaregåande- og vaksenopplæring og i høgare utdanning – og det vil vere viktig også for utvalet å skilje mellom disse utdanningsnivåa i analysane.

Rådgjeving/karriererettleiing i skulen

Fleire av spørsmåla som utvalet skal belyse og vurdere handlar om organisering. Utdanningsforbundet meiner det er viktig at tilbodet om rådgjeving/karriererettleiing i grunnopplæringa er forankra i skulen. At tenestene er lokalisert og integrert i skulen gjev eit betre grunnlag til å sjå «heile eleven», som person og som lærande, ved at ein er tett på og forstår eleven sin skulekvardag og kompetanse. Rådgjevararar og karriererettleiarar i skulen ønskjer meir tid saman med elevane for å kunne utføre dei lovpålagde oppgåvene. Fleire studiar viser at det personlege forholdet til rådgjevar er essensielt (Buland, Mathiesen og Mordal 2014).¹ Det tette **sambandet mellom utdannings- og yrkesretteiing og sosialpedagogisk rådgjeving** er også ein av årsakene til at Utdanningsforbundet meiner at desse tenestene må vere integrert i skulen. Svært mange av elevane som treng hjelp knytt til karriereval, treng også hjelp knytt til sosialpedagogiske behov. Evalueringar av rådgjevingssystemet i Danmark, der dei har valt å flytte ut tenesta, har mellom anna vist at det å nytte eksterne rådgjevarmiljø gjer det vanskelegare å nå elevar med særskilde behov.² Ei plassering utanom skulen kan bli opplevd som ei barriere for å oppsøke tenesta; ting må gjerne handterast «der og då». Sjølve lokaliseringa på skulen har også ei praktisk betydning med tanke på samarbeid med andre aktørar i skuleverket, og for at **tenesta skal vere tilgjengeleg for elevane**.

Utdanningsforbundet meiner at tillit, god kjennskap til elevane og ein lav terskel er viktige vilkår for god rådgjeving/karriererettleiing, og sentrale element å ta omsyn til når det gjeld organiseringa av tenesta. Eit anna tematikk utvalet skal sjå nærare på knytt til organisering er nettbasert rettleiing.

Nettbasert rådgjeving/karriererettleiing - som eit supplement til andre tenestar

Rådgjeving/karriererettleiing av ungdom og vaksne på nett er eit omdiskutert tema nasjonalt og internasjonalt, og har store konsekvensar for tilgjengelegheit og organisering av tenesta. Mange land har alt etablert nasjonale system for e-retteiing. Evalueringar viser mellombels både fordelar og ulemper. Slike tenester kan både gje oversikt over kvalitetssikra *informasjon*

¹ <http://www.ntfk.no/Nyheter/Documents/Rapport%20Skolens%20r%C3%A5dgiving.pdf>

² EVA (Danmarks evalueringsinstitutt) (2007) Vejledning om valg af uddannelse og erhverv, Danmarks evalueringsinstitutt: København

og gje høve til direkte *retteiing og nettverking* på nett, noko som kan vere fordelaktig både for elevar og rådgjevarar/karriererettleiarar. Ein blir då mindre avhengig av opningstider og geografi. Sjølv om intensjonen er eit e-retteiingssystem som supplerer andre tilbod, vil der likevel vere ein risiko for at dette går på kostnad av den individuelle, personlege retteiinga. Det kan bli ein måte for kommunane å spare pengar på, og elevar som eigentleg kunne ha behov for ein personleg samtale, finn heller «lette» råd på nett, som seinare kan få store konsekvensar. Korleis ein heilt konkret kan unngå dette vil vere avgjerande for utvalet å sjå nærare på. Det vil også vere viktig at utvalet tek føre seg spørsmål om korleis slike eventuelle e-retteiingstenester kan bli kvalitetssikra, av kven, og korleis ein eventuelt kan få til ei langsiktig finansiering av slike tenester. Internasjonale erfaringar viser at langsiktig finansiering har vore problematisk, og at fleire land som har gått inn for å bygge opp e-retteiingssystem, no går tilbake til å gje skulane ein større del av ansvaret. Det er viktig å ha eit langsiktig perspektiv på denne tematikken, og det har vi i skulen. Utdanningsforbundet meiner det er særskilt viktig at slike eventuelle tenester ikkje går på kostnad av individuell ansikt-til-ansikt retteiing for *alle* elevar, ikkje berre for dei med openberre behov.

Tidsressursen til rådgjeving/karriererettleiing må bli styrka

Organiseringa og kvaliteten på tenesta heng uløysleg saman med finansieringa og disponeringa av tenesta. Rådgjevarane i skulen har fått eit **auka omfang av oppgåver**, ei meir kompleks elevgruppe, og ein meir mangfaldig utdannings- og arbeidsmarknad å navigere i. Likevel ser vi nærmast inga endring i rådgjevarressursane.

Det ligg i utvalet sitt mandat at minst eitt av forslaga skal vere innanfor dagens økonomiske rammer. Utdanningsforbundet meiner at det er eit viktig vilkår for å styrke rådgjeving/karriererettleiing at ressurstilgangen blir auka, mellom anna ved at staten stiller ressursar til disposisjon for kommunane slik at ein kan finansiere ein avtalefesta auke i tidsressursen til rådgjeving/karriererettleiing i skulen. Det vil også vere viktig med ei føreseieleg og langsiktig finansiering av karrieresentra for at dei skal kunne vere med på å styrke tilbodet til elevar og lærlingar gjennom heile utdanningsløpet. Forskinga er tydeleg på at dagens rådgjevarressurs avgrensar høvet til å følgje opp alle presiseringar i forskrifta knytt til elevane sine rettigheter og rådgjevars rolle og oppgåver (Buland, Mathiesen og Mordal 2014). Det er staten som har ansvar for å sikre den nasjonale kvaliteten på tilbodet. Om målet er å styrke den livslange rådgjevinga/karriererettleiinga, vil dette krevje auka statlege midlar.

Kompetansekrav og kompetanseutvikling er sentralt for god kvalitet

I tillegg til at tenesta må vere godt organisering og finansiert er det viktig med riktig kompetanse. Det er framleis stor variasjon i skulesektoren når det gjeld kompetanse knytt til rådgjeving/karriererettleiing. Fastsetting av nasjonale kompetansekrav har blitt fremja i fleire politiske dokument siste tiåret, mellom anna av Karlseutvalet (NOU 2008:18), men dette har berre delvis blitt tatt tak i. Dei anbefalte kompetanskriteria som blei nedfelt i forskrifta i 2009 er ikkje tilstrekkelege. Utdanningsforbundet meiner at nasjonale kompetansekrav for dei som skal arbeide med rådgjeving/karriererettleiing vil styrke tenesta for brukarane, dvs. ungdommen og dei vaksne. Det er også sentralt å vere bevisst ulike kompetansebehov i ungdomsskulen, vidaregåandeskule, høgare utdanning og vaksenopplæring.

Rådgjeving/karriererettleiing er heile skulen sitt ansvar, og går føre seg på ulike måtar, også som ein del av skulefaga. Utdanningsforbundet vil anbefale utvalet å sjå nærare på lærarutdanninga, og kva som kan inngå her for å styrke kompetansen knytt til rådgjeving/karriererettleiing, og sjå nærare på etter- og vidareutdanningstilbodet, for eksempel

med tanke på faget utdanningsval, det sosialpedagogiske arbeidet, og kjønnspektivet knytt til karriereval. Rådgjevarane opplever sistnemnte tematikk som vanskeleg å jobbe med. Kjønnsutradisjonelle utdannings- og karriereval kan lett berre bli ei politisk symbolsak om ein ikkje gjev rådgevarar og karriererettleiarar nok kompetanse og verktøy til å ta tak i dette viktige temaet.

Eit styrka kunnskapsgrunnlag – frå ulike perspektiv


Ein annan viktig inngang for å styrke livslang rådgjeving/karriererettleiing vil vere å betre kunnskapsgrunnlaget på feltet. Her vil utvalet spele ei viktig rolle. Det er mellom anna nødvendig å få **kartlagt rådgevarressursen og -kompetansen**, slik den faktisk er i dag i grunnskulen, vidaregåande- og vaksenopplæring og høgare utdanning. Dette er avgjerande for å få oversikt over status i feltet per i dag.

Vi vil elles vise til eit forskingsprosjekt som belyser rådgevarane si rolle og oppfatningar om eige arbeid i ungdoms- og vidaregåande skule (Mordal, Buland & Mathiesen 2015).³ Rapporten seier noko om korleis rådgevarane opplever endringane i feltet og organiseringa av tenesta. Dette er ein av få studiar i Noreg som tek føre seg rådgevarstemma aleine. Forskingsfunna viser mellom anna at mange rådgevarar opplever at rolla har blitt meir samansett, og oppgåvene blir stadig meir utfordrande, innanfor stramme rammer. Rådgevarane opplever at dei ikkje får nok tid saman med elevane, mellom anna på grunn av eit sterkt fokus på timetal og grunnleggande ferdigheiter. Rådgevarane identifiserer seg med det pedagogiske arbeidet, og opplever at rådgjeving/karriererettleiing i stor grad handlar om læring og kompetansar som elevane treng i eit livslangt perspektiv. Det er viktig å søke kunnskap frå dei som arbeider med dette til dagleg ute i skulen, og Utdanningsforbundet meiner at denne ekspertstemma burde vore sterkare representert også i utvalet.

Oppsummert meiner Utdanningsforbundet at følgjande element er særskilt viktige for å styrke den livslange rådgjevinga/karriererettleiinga:

- At rådgjevinga/karriererettleiinga er godt forankra i skuleverket
- At eit eventuelt system for nettbasert rettleiing blir eit supplement til andre tenester
- At tidsressursen til rådgjeving/karriererettleiing blir styrka
- Å styrke kompetansekrav og kompetanseutvikling i feltet
- Eit styrka kunnskapsgrunnlag frå ulike perspektiv

Vi håpar at utvalet tek omsyn til dette i prosessen fram mot hovudinnstillinga. Utdanningsforbundet går gjerne i nærare dialog med utvalet i det vidare arbeidet. .

Med vennleg helsing

 Torbjørn Ryssevik, seksjonsleiar


 Bjørg Eva Aaslid, seniorrådgjevar

for Utdanningsforbundet

for Utdanningsforbundet

³ <https://www.utdanningsforbundet.no/upload/Endelig%20rapport%20r%C3%A5dgiverrollen%20UDF.pdf>

